

Lars Moa,  
Gamle Kongeveg 29 B,  
7503 Stjørdal.

28/4-24.

Til Stjørdal Kommune,  
Stjørdal.

## **Kommunestyrevedtak som ikkje er sette i verk**

I kommunestyremøtet 24/4 i år vart det behandla ei sak med tittel «PS 53/2024 Ikke iverksatte formannskapsvedtak og kommunestyrevedtak pr. 4/4 2024».

Dette får meg til å tenke på ei sak som kommunestyret behandla i 2019, og som ikkje er blitt sett i verk i løpet av dei fem åra som har gått. Dette gjeld sak 99/19: «Midlertidig forbud mot tiltak – Tangmoen». Rådmannen foreslo slikt vedtak: «Komite plan vedtar midlertidig forbud mot tiltak i henhold til plan- og bygningslovens § 13 for område på Tangmoen som vist i vedlagt kart datert 16.05.2019».

Dette vart samrøystes vedtatt i kommunestyret. Og i siste setning i saksframstillinga, arkivsaksnummer 2019/2268-3, står det ei grunngiving for vedtaket: «Dersom det fattes vedtak om midlertidig forbud mot tiltak vil man igangsette en vurdering av området og gjeldende planer og igangsette nødvendig planprosess for å avklare framtidig arealbruk i området».

Fristen på fire år gjekk ut i juni 2023 utan at det var sett i gang noko arbeid med ein plan; iallfall har ein ikkje høyrte noko om at ein slik plan finst. Og med ein gong fristen var ute, begynte den første rivinga, og det første nybygget er snart ferdig.

Det synest naturleg at kommunen kjem med ei forklaring på kvifor dette vedtaket ikkje er sett i verk, og kontroll komiteen er sikkert også interessert i å sjå på saka.

Med helsing  
Lars Moa.

Kopi til kontrollutvalet v/leiar Inger Johanne Uthus.